

Øystese 18. februar 2017

Søknad om oppstart med skolefrukost på Øystese gymnas og Norheimsund vgs.

Det vert med dette søkt om støtte til oppstart av gratis skolefrukost ved skulen frå hausten 2017.

Bakgrunn:

Øystese gymnas og Norheimsund VGs har mange elevar med lang skuleveg. Kommunen strekker seg langs Hardangerfjorden, og elevar frå Jondal må krysse fjorden med ferje. I tillegg må elevane frå Samanger over Kvamskogen med buss kvar dag. Mange elevar har lang reisetid og eit frukosttilbod til desse vil gje auka trivsel, læring og betre helse.

I tillegg har skulen ei stor gruppe hybelbuarar. Eit gratis og sunn skulefrukosttilbod vil fremje læring og konsentrasjon og ikkje minst gje sosial vinst for denne gruppa elevar som kjem frå store delar av Fylket. Tilbakemeldingar frå lærarar seier at mange elevar droppar frukosten. Særleg lærarar innan kroppsøving og breiddeidrett melder om at ei stor gruppe elevar mister konsentrasjonen og læring i timane pga manglande energi utover dagen.

Skulen trur at ein sunn frukost som inkluderer alle kan gje elevane gode kostvanar som dei tek med seg vidare i skulekvardagen og på arbeidsplassar. I tillegg kan samlingane om gje sosialt samhald og auka trivsel.

Norheimsund vgs har i mange år hatt gode erfaringar med ein frukostpause kvar dag. Ein sunn gratis frukost for elevane passar veldig godt inn i denne ordninga.

Tal på elevar

Øystese gymnas og Norheimsund vgs har inneverande skuleår om lag 270 elevar. Elevtalet er stabilt, men ligg om lag kring 270 elevar neste skuleår og – fordelt på 2 skular.

Gjennomsnittleg inntakspoeng

Norheimsund vgs(yrkesfag) hadde inneverande skuleår gjennomsnittleg inntakspoeng på 3,4, medan Øystese gymnas(stusp) låg litt over.

Omfang/Organisering

I oppstarten tenkjer vi å tilby skulefrukost skuleåret 17/18 på begge skulane kvar dag. I løpet av hausten vil vi evaluera ordninga og drøfta saman med elevane vegen vidare. Begge skulane har gode og store kantiner som ein kan dra nytta av. Skulen tenker at elevane må ta del i arbeidet kring skuletilbodet gjennom rydding, drift og innkjøp, og at dette er ein del av opplæringa kring sunne matvanar.

Øystese Gymnas, Nedre Vik 85, 5610 Øystese, tlf (0047) 57305500, post.oyg@hfk.no

Norheimsund vg.skule, Dalatunvegen 40, 5600 Norheimsund, tlf (0047) 56556500, post.noy@hfk.no

Budsjett med eigenandel

Skulen søker om stor sum i samband med oppstart av prosjektet. Om tilbudet kjem i gong, kan skulen søka støtte/midlar til vidareføring av tilbudet.

ØYG	
5 kr pr elev x 5 dagar x 38 veker x 170 elevar	256500
Assistent oppfølging (ansvar)	100000
Utstyr: Skulen sin eigenandel	10000
Tallerkar, glas, straum, innkjøp av varer, reinhald, informasjon	20000
NHS	
5 kr pr elev x 5 dagar x 38 veker x 100 elevar	161000
Assistent oppfølging (ansvar)	70000
Utstyr: Skulen sin eigenandel	10000
Tallerkar, glas, straum, innkjøp av varer, reinhald, informasjon	20000
	647500
Skulen sin eigenandel	147500
Total søknadssum: 500 000	500000

Øystese gymnas/Norheimsund vgs

Ingebjørg bakke
Rektor